

ÅRSMELDING

NORGES BYGDEUNGDOMSLAG

01.05.2022 - 30.04.2023



Innhold

Organisasjon

- 03 Leiar
- 04 Frå styret
- 06 Nemnder
- 17 Aldersgrense utval
- 18 Fylkesstyrer
- 20 Melding frå fylkeslaga
- 26 Administrasjonen
- 30 Nøkkelopplysningar 2022
- 31 Medlemstal
- 32 Utmerkingar
- 35 Årsrekneskap

Prosjekter

- 08 Årets unge bonde
- 09 Aksjonsuka og NBU for alle
- 13 Bygda er for alle
- 14 Bønder støtter bønder
- 16 NBU Media
- 17 Internasjonalt samarbeid

Aktivitet

- 10 NBUs Landsstevne
- 11 NBUs Høstarrangement
- 12 Vårkurs
- 16 Vårsprell
- 28 Tevlingsresultat



§ FORMÅLSPARAGRAF

Norges Bygdeungdomslag (NBU) har til formål å samle all ungdom som er interessert i bygdesamfunnet i den hensikt å ivareta og fremme bygdenes og ungdommens interesser.

NBU vil i sitt arbeid sikre og utvikle bygdenes næringsgrunnlag og bosetting.

NBU bygger sitt arbeid på kristen grunn og vil aktivt motarbeide nød og urett.

NBU arbeider for kulturell opplysning og utvikling.

Redaktør og layout: **ERYK OSKAR SWIERGON** | Trykk: **X-IDE**

Illustrasjon: **NINA KARLSEN OG IDA WESTVANG** | Forsidebilete: **ERYK OSKAR SWIERGON** | Opplag: **200**

Adresse: **HOLLENDERGATA 5, OSLO, 3. ETG** | Telefon: **22 05 48 00** | E-post: **HEI@NBU.NO** | Nettside: **WWW.NBU.NO**



LEIAR // KJÆRE BYGDEUNGDOM

TUSEN TAKK FOR EIT FANTASTISK ÅR MED MYKJE AKTIVITET I ORGANISASJONEN, GODE TREFF RUNDT OM I LANDET, OG IKKJE MINST, FOR FYRSTE GONG PÅ TRE ÅR, EIT SKIKKELEG LANDSSTEVNE.

Det er aktiviteten i laga våre som på best måte syner styrka i Bygdeungdomslaget. Ungdom som lokalt går saman for å skape eit betre lokalsamfunn for seg sjølve, og for andre ungdommar. I år har verkeleg den styrka kome til syne. Landet rundt har lokallaga våre arrangert tradisjonelle og nyskapande aktivitetar som har samla bygda, og styrka organisasjonen. Bygdeungdomslaget er for alvor tilbake!

Medlemsveksten me opplevde i 2022 syner både at me er ein sterk organisasjon, som klarte å svara på vårt samfunnsoppdrag når ungdommen igjen hadde lov til å samlast, men og at det er eit behov for organisasjonar som vår. Det trengs organisasjonar som skaper trygge møteplassar for ungdom på bygda! Det må me ta med oss når me saman skal utvikla organisasjonen vidare.

Sjølvsagt om å endeleg få samlast til Landsstevne var årets høgdepunkt for mange vil eg trekka fram eit anna arbeid organisasjonen har vore opptatt med det siste året. Både gjennom prosjektet NBU for alle, og Bygda er for alle har me arbeid med å inkludere adle bygdeungdommar i organisasjonen vår. Me har som

mål å samla all bygdeungdom, og då må me sjølvsagt også aktivt arbeida me då inkludera adle.

Det siste arbeidsåret har det også pågått ein anna viktig diskusjon i organisasjonen vår, som vart starta på årsmøte i 2022. Eit utval har arbeida med problemstillingar knytt til aldersgrense på arrangementa våre, og har levert ein rapport. No ligg det til styret og årsmøte å følgja opp det viktige arbeidet. Uavhengig av resultatet frå den diskusjonen må det alltid liggje til grunn at adle medlemmer skal ha eit aktivitetstilbod i Norges Bygdeungdomslag.

Framover kjem Bygdeungdomslaget til å spele ei stadig viktigare rolle i lokalsamfunna. Aktivitet for ungdom i bygdene har, og kjem truleg også framover til å væra basert på frivillig innsats frå engasjerte sjeler. Tillitsvalde i foreiningar, og i lokale bygdeungdomslag er derfor på mange måtar limet som held det sosiale livet på bygda saman. Det skal me fortsette med, og me skal bli betre på det gjennom strategisk og godt organisasjonsarbeid.

Framtida for bygde-Noreg er full av moglegheiter som me som organisasjon skal og må nytte oss av. Pandemien gjorde at stadig fleire satt pris på friheita eit liv på bygda gjer, samtidig som det viste oss moglegheitene digitale løysningar gjer oss. Framtida til bygda er spennande, og lys, og den skal gjera Norges Bygdeungdomslag sterkare.

Til slutt vil eg nytte høvet til å takka alle våre viktige samarbeidspartnarar, og tillitsvalde i adle ledd av organisasjonen. Dykkar innsats er uvurderleg for organisasjonen. Medlemmar, både dei som betalar kontingenten fast, og dei som er heilt nye, fortien og ein stor takk for deia viktige bidrag til levande bygder. Heilt til slutt vil eg få takke sentralstyret, og ikkje minst dei tilsette i organisasjonen for eit godt samarbeid om den daglege drifta av Norges største vennegjeng.

HENRIK NORDTUN GJERTSEN, Leiar



VERKSEMD

Norges Bygdeungdomslag er ein partipolitisk uavhengig ungdomsorganisasjon som har til føremål å samle all ungdom som er interessert i bygdesamfunnet med det mål, å verne om og fremme bygdene og ungdommen sine interesser. NBU skal gjere sitt, for å sikre og utvikle bygdene sitt næringsgrunnlag og busetting, og arbeide for kulturell opplysning og utvikling.

MEDLEMSTAL

Norges Bygdeungdomslag hadde pr. 31.12.2022 6630 medlemmar delt på 124 lokallag, og av desse har 84 lokallag og 9 fylkeslag levert godkjend årsmelding. Det har vore ei auke på 1664 medlemmar sidan 2021. Vi vil fortsetje å jobbe for jamn og god aktivitet både lokalt og nasjonalt, og for å sørge for at oppgangen i talet på medlemmar held fram.

ADMINISTRASJON

Norges Bygdeungdomslag sin administrasjon hadde i 2022 seks tilsette på heiltid og ein tilsett på timebasis.

ÅRSREKNEKAP OG DISPONERING AV RESULTAT

Drifta av Norges Bygdeungdomslag er

heilt avhengig av den støtta vi får frå våre samarbeidspartnarar. Denne støtta er vi særst takksame for.

Årsrekneskapen syner eit underskot på kr 157 925. Organisasjonen har god soliditet og ein tilfredsstillande eigenkapital. Det har etter det styret veit ikkje hendt noko etter 31.12.22 som har hatt innverknad for vurderinga av rekneskapen og organisasjonen si økonomiske stilling pr. 31.12.22. Styret meiner at årsrekneskapen syner eit riktig bilete av verksemda i 2022.

NBU har 288 aksjar i selskapet Tun media AS.

FRAMLEIS DRIFT

Vilkåra for framleis drift er til stades, og årsoppgjeret for 2022 er sett opp under desse vilkåra.

ARBEIDSMILJØ

Det vert ført oversikt over dei tilsette si arbeidstid. Alle tilsette, med unntak av generalsekretær, får betalt for overtid og tillegg for helg. Det er fleksibel arbeidstid der eventuell avspasering vert avtala etter kvart med generalsekretær. Arbeidsmiljøet og den generelle trivselen på arbeidsplassen er god. Norges Bygdeungdomslag har sosiale

tiltak som arbeidsmiljødag, tilsettesamling, julebord og sumaravslutning. Det har ikkje skjedd skader eller ulykker i arbeidstida. Sjukefråværet i 2022 var på 1,23 prosent.

LIKESTILLING

Styret i Norges Bygdeungdomslag vektlegg likestilling i sitt arbeid. I arbeidsåret har Norges Bygdeungdomslag hatt eit sentralstyre samansett av fire kvinner og tre menn blant dei faste representantane, i tillegg til ein mann og ei kvinne frå samarbeidande organisasjonar. Arbeidsutvalet har vore samansett av to kvinner og ein mann. Administrasjonen var ved utgangen av 2022 samansett av tre kvinner og to menn. Det er viktig for organisasjonen å halde oppe fokuset på likestilling også i åra framover. Når det gjeld medlemsmassen er den samansett av 40 % kvinner, 58 % menn og 2% annet/ukjent.

YTRE MILJØ

Ingen deler av drifta forureinar det ytre miljøet utover det som er tillate etter gjeldande lover og forskrifter.

STYRANDE ORGAN

ÅRSMØTE

Det 77. årsmøtet i Norges Bygdeungdomslag vart gjennomført 18.-19. juli på Stangehallen riksanlegg i Stange. Det møtte 140 utsendingar med stemmerett, seks observatørar og ei rekke gjester og tilsette. Møtet blei leia av ordførar Jon Olav Svartdal, saman med varaordførar Thea Thujord. Leiar i Hovudkomiteen for Landsstevnet 2022, Gunn Jorunn Sørum ynskte velkommen til Stange og Landsstevnet i Norges Bygdeungdomslag.

RESOLUSJON

Årsmøtet har vedtekte følgjande resolusjon:

- Vi vil vite hvor brødet kommer fra!
- Bygdeløftet
- Fortsatt nullvisjon på liv tapt i trafikken

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

Lagsutviklingsleiar, John Arne Flenes Ulven, la fram årsmeldinga 2021/2022. Den vart vedteke som NBU si årsmelding. Torgeir Jorde, la fram revidert rekneskap for 2021. Den vart einstemmig vedteke.

REPRESENTANTSKAP

Det andre representantskapsmøte 2022 blei arrangert på Scandic Hotel i Lillehammer 23. til 25. september.

Det første representantskapsmøte i 2023 blei arrangert på Sola Strand Hotel og Spa 4. til 5. februar.

REPRESENTASJON

STYRET I NORGES BONDELAG

Henrik Nordtun Gjertsen
Tirill Søgård Trætli (vara)

STYRET I NORGES BYGDEKVINNELAG

Sigrid Heringstad
Henrik Nordtun Gjertsen (vara)

GENERALFORSAMLING I RYE

Sigrid Heringstad

REPRESENTANTSKAPET NORGES BONDELAG

Tirill Søgård Trætli
Ragnhild Marie Gjersøe Eriksen (vara)

REPRESENTANTSKAPSMØTET I LNU

Henrik Nordtun Gjertsen
Sigrid Heringstad



ORGANISATORISK NESTLEIAR, RAGNHILD REPRESENTERTE
BYGDEUNGDOMSLAGET OG UNGDOM I LANDBRUKET PÅ
BONDEFROKOSTEN FORAN STORTINGET.

STYRET 2022-2023

LEIAR

Henrik Nordtun Gjertsen - Rogaland BU

ORGANISATORISK NESTLEIAR

Ragnhild Marie Gjersøe Eriksen - Østfold BU

BYGDEPOLITISK NESTLEIAR

Tirill Søgård Trætli - Nord-Trøndelag BU

KULTURLEIAR

Marthe Øijord - Nordland BU

TEVLINGSLEIAR

Sigrid Heringstad - Oppland BU

LAGUTVIKLINGSLEIAR

John Arne Flenes Ulven - Oppland BU

ARRANGEMENTSLEIAR

Ola Sjøvik - Oppland BU

NORGES BONDELAG

Thorleif Müller

NORGES BYGDEKVINNELAG

Sanna Røhr

VARAREPRESENTANTAR

1. Vara - Ole Jørgen Rød
2. Vara - Siri Brattli Berge
3. Vara - Siri Marlén Sundhagen
4. Vara - Anton Bogsti

DIREKTEVALDE

Ordførar – Torgeir Jorde
Varaordførar – Vilde Bilstad

1. Vaktleiar - Sondre Svalastog
2. Vaktleiar - Jenny Aske
3. Vaktleiar - Jon Olav Svartdal

1. Direktevalt - Solveig Blekken
2. Direktevalt - Tor Ole Bjerkan

1. Vara direktevalt - Anne Snarteland
2. Vara direktevalt - Martin Haugerud
3. Vara direktevalt - Ida Marie Skjærstein
4. Vara direktevalt - Liv Slettebø



NEMNDER



KULTURNEMNDA

Marthe Øijord (leiar)
Kennet Tømmermo Reitan
Maja Aas
Kristian F. Funderud

ADMINISTRASJONSKONTAKT:

Ingrid Andrea Thuv

I arbeidsåret 2022/2023 har kulturnemnda hatt seks møter, der to av dei har vore fysiske. Gjennom året har vi fokusert på korleis kulturen i Norges Bygdeungdomslag er, og har prøvd å ivareta denne. Vi arrangerte tur for dei over 23 i november, som dessverre blei avlyst grunna låg påmelding. Vi gleder oss til å arrangere ny tur i 2023, og er glade for å kunne annonsere at vi i åra framover kjem til å arrangere denne turen på våren.

Vi har også revidert BU-podden. Podkasten er lagt på is, men vi håpar og trur at vi ein gong kjem til å ta denne opp igjen. Fram mot sommaren gleder vi oss mykje til å sjå mange bygdeungdommar gå i Oslo Pride, og det er stor stas at NBU skal ha eigen parole.

Avslutningsvis ynskjer vi å takka alle nye og gamle kultur- og aktivitetsleiarar for samarbeidet, og vi gleder oss til vi sjåast igjen!



ARRANGEMENTSNEMNDA

Ola Sjøvik (leiar)
Torgeir Jorde
Sondre Svalastog
Cathrine T. Midtbu
Anton Bogsti

ADMINISTRASJONSKONTAKT:

Ellen Hoff Jørgensen

Arrangementsnemnda har i løpet av arbeidsåret 2022/2023 hatt eit fokus på å hjelpe hovudkomiteane for dei kommande sentrale arrangementa, samtidig som vi har forenkla og fornya ein del av arbeidsdokumenta deira.

Vi har også arrangert eit arrangementsseminar for kommande hovudkomitear, med fokus på opplæring og erfaringsutveksling. Deler av nemnda har vore med i et arbeidsutval som har arbeidd med å revidere beredskapsplanen for organisasjonen.

I tillegg har vi arbeida med å vidareføre og forbetre oppslagsverket Slite. Dette er ein plattform som skal fungere som ein dokumentbank for sentrale arrangement.



LAGUTVIKLINGSNEMNDA

John Arne Flenes Ulven (leiar)
Ingrid Nannestad
Siri Brattli Berge
Jon Olav Svartdal
Håkon Goa

ADMINISTRASJONSKONTAKT:

Hans Christian Andersen-Knudsen

I arbeidsåret 2022/2023 har me gjennomført seks teamsmøte og to fysiske samlingar.

Me har støtta oppunder lokallag og fylkeslag der det har vert mest behov. Me har blant anna vedtatt tre oppstartsfondmidlar til nyoppstarta lokallag.

Vårsprell blei ein forenkla utgåve av i fjor, som me kalla NBU Instagramtakeover. Der fekk alle fylka tilgangen til å vise fram aktiviteten under og i løpet av vårsprell på NBUs instagram.

Me fekk atter ein gong stått på stand på Dyrskun. Der hadde me mykje aktivitetar med blant anna swingoppvisning og sverdsnukonkurranse. Me fekk også storfint besøk på standen av finansministeren som blei med å dansa swing og slo av ein god prat. Me takkar alle som bidrog på stand og deltok på det sosiale opplegget me laga i stand desse dagane. Me satsar på ei gjentakning neste år!



ORGANISASJONSNEMNDA

Ragnhild Marie Gjersøe Eriksen (leiar)
Ole Jørgen Rød
Silje Mydland
Ida Storlien

ADMINISTRASJONSKONTAKT:

Hans Christian Andersen-Knudsen

Organisasjonsnemnda har i arbeidsåret 2022/2023 hatt seks nemndsmøte, både fysisk og digitalt. Vi starta det heile med å avhalde ei nemndshelg for dei sentrale nemnande på Gåsbu. Her starta grunnlaget for vidare arbeid.

Saman med den sentrale valkomiteen arrangerte vi eit valkomitékurs for valkomitear i fylka. Kurset blei avhalde digitalt med godt oppmøte. Vi har også sendt ut ein evaluering av fylkes- og lokallag for å kunne kartlegge dei ulike ledda i organisasjonen.

I samarbeid med administrasjonen har vi utvikla eit nytt verktøy for tillitsvalte. Nemleg mappa «Tillitsvalt». Det er ei mappe som inneheldt informasjon om våre ulike styringsdokument, ein kalender med viktige datoar og anna info som gjer arbeidet med å vera tillitsvalt enklare. Tusen takk for at du er tillitsvalt! Organisasjonsutval er også i gong med kvalitetssikring og oppdatering av kursmaterialet som ligg på nettsida. Dette er for å sikre det faglege grunnlaget i NBU.

Det har også blitt jobba med å utvikle NBUs nye langtidsstrategi og arbeidsplan.

I tradisjon tru har vi planlagt og arrangert Vårkurs! Vårkurs blei i år arrangert på Jevnaker og det blei ein god læringsarena for tillitsvalte på fylkesnivå. Gjennom heile året har vi arbeida med å følgje opp organisatoriske nestleiarar og økonomileiarar i fylka. Saman med organisatoriske nestleiarar har vi også hatt eit digitalt møte med haustkurs som hovudfokus.



TEVLINGSNEMNDA

Sigrild Heringstad (leiar)
Hans Egil Børstad
Einar Andreas Skinstad
Vilde Bilstad
Anette Berg Kløvstad
Susanne Røed Gromstad

ADMINISTRASJONSKONTAKT:

Eli Kolstad

Etter to år med avlyste Landsstevne fekk vi endeleg arrangert Landsstevne i 2022. Dette er den største tevlingsarenaen i Norges Bygdeungdomslag, og nemnda følgde opp tevlingsleiar i hovudkomiteen og tevlingane på stemnet. Dette blei også gjort under Høstarrangementet, og vi fant NBU-ansvarlege til alle tevlingane på dei to sentrale arrangementa.

Utover hausten blei det sendt ut fleire tevlingsdokument på høyring. I år blei meisterskapsplan, deltakarkvotene, satslista, dei generelle tevlingsreglane og eit utval tevlingsreglement sendt på høyring til fylka. Dei største endringane blei i satslista, der vi måtte justere opp prisane på grunn av den store prisauken i samfunnet.

I fjor hadde vi eit tevlingsvideoprojekt og i år har vi fortsett å laga tevlingsvideoar. Så langt har vi filma tevlingsvideo i swing og ynskjer også å få laga tevlingsvideo i eksteriorbedømming av storfe og hest i løpet av våren.



BYGDEPOLITISK NEMND

Tirill Søgård Trætli (leiar)
Sofie Persdatter Sangnæs
Karine Berge
Julia Røhnbæk
Maria Gullord

ADMINISTRASJONSKONTAKT:

Eryk Oskar Swiergon

Bygdepolitisk nemnd har i løpet av arbeidsåret hatt seks møter. Året starta med fokus på statsbudsjett 2023 og Grytten-rapport der vi har sendt inn innspel frå Noregs Bygdeungdomslag til Storting og komitear. Vi meinte det var særleg viktig at bygdeungdommen kom med meiningar om korleis ein skulle måle inntekta til bonden framover. Vi er jo framtida i næringa.

Aksjonsveka 2022 hadde tema Trafikksikkerheit. Nemnda laga forslag til aktivitetar og uttale som blei sendt ut i forkant. Lokallaga våre arrangerte aktivitet og publiserte eigne artiklar om farlege strekke og kryss i lokalmiljøet sitt, og det er godt å sjå at mange deltek.

Jordbruksforhandlingane er også noko som nemnda har arbeidt med, og her har vi lagt vekt på viktigeita med å prioritera dei unge bøndene i første omgang. Vi treng attraktivitet og rekruttering til næringa.

Vidare har nemnda arbeidt med prosjektet "Bygdeungdom på djupt vatn" som eg håpar blir vidareført i samarbeid med dykkar og sentralstyret, då det finns store moglegheitar til å verve medlemmar og utvikle tevlingane våre. Utover dette har nemnda jobba med å forberede "StemBestem" prosjektet til hausten, kor fokuset vil vere å nå ut til ungdom og studentar som ikkje er kjende med korleis ein skal stemme ved kommuneval.

ÅRETS UNGE BONDE

OM ÅRETS UNGE BONDE

For å bli kandidat til "Årets unge bonde" må ein vera ein matprodusent under 35 år, som kan inspirere fleire kloke hovud og driftige hender til å finne vegen til norsk landbruk.

Les meir på www.aretsungebonde.no

TIDLEGARE VINNARAR

2010: Roar Lima Grødeland, Rogaland
2011: Elisabeth Holand, Nordland
2012: Per Magnus Værdal, Nord-Trøndelag
2013: Terje Uv, Sør-Trøndelag
2014: Tor Jacob Solberg, Østfold
2015: Mats Hegg Jacobsen, Troms
2016: Ingve B. Berntsen, Rogaland
2017: Cecilie Nilsen, Vest-Agder
2018: Olav Høyheim Einan, Sogn og Fjordane
2019: Øistein Aasen, Hedmark
2020: Henning Andreas Holand og Dina Fonn Sætre, Nordland
2021: Sofie Høybakk, Møre og Romsdal



Vi trudde ikkje vi skulle vinna, vi som driv så tradisjonelt

Etter nesten 1000 nominasjonar i nominasjonsrunden og rekordmange stemmer i semifinalen, var det til slutt opp til juryen med mat- og landbruksminister Sandra Borch i spissen, å avgjere kven som skulle stikke av med den gjeve tittelen. Valet falt på det unge paret Trine Pedersen og Ole Otto Grønning frå Stadsbygd.

- Finalistane har alle gjort oss stolte over å vere ein del av det norske landbruket, og det har vore ein nærmast umogleg jobb å velje ein vinnar, men til slutt var det ein kandidat som stakk seg litt ekstra ut, sa juryen i sin grunning.

Vinnarane var lykkelege, men overraska over å motta tittelen, som dei fekk overrekt under Felleskjøpets Ny Bonde-samling i Lillestrøm i november.

- På hotellrommet før middagen tok vi det med knusande ro, overbevist om at vi ikkje kom til å vinne. Det er utruleg artig å bli sett for den jobben vi gjer. Det blir kravd mykje for å tørre og ta sjansen og å satse, seier Ole Otto.

-Vi trudde ikkje vi skulle vinne, vi som driv så tradisjonelt, seier Trine.

Juryen beskriv det

unge paret som nokon som tør å satse, er positive, og gode ambassadørar for næringa med sin jordnære og positive haldning. På garden står dyrevelferd i fokus, og ting er tydeleg på stell.

- Her blir gardenes ressursgrunnlag til det fulle utnytta, og dei er opptatte av berekraft. Ho er også aktiv kommunepolitkar og jobbar i gardsbarnehage. Når ein då legg til at paret er opptatt av fellesskapet i landbruksnæringa, og bidrar gjennom produsentlag lokalt, meiner juryen årets vinnarar er eit strålende eksempel og forbilete for unge, norske bønder, fortsett juryen i sin grunning.

- Vi er stolte av å kunne leva av å drive garden, og at vi klarer det utan at eg må ha inntekt utanfrå. I tillegg er Trine ei tolmodig dame som står med middagen klar i periodar der det lett kan bli for mykje jobb. Vi er også så heldige at vi har både faren min, som er kårkar, og ein avløyser som vi stolar på. I tillegg er eit godt nettverk veldig viktig, og det har vi heldigvis her i grenda. Derfor er det også så viktig å inkludere nye bønder, seier Ole Otto.

I tillegg til hæder og ære, stikker vinnarparet av med 20.000 kroner i reisestipend, eit gåvekort frå Felleskjøpet til ein verdi av 10.000 kroner, samt avløyser i inntil ei veke, levert av Norske Landbrukstenester.

Årets unge bonde er ei kåring i regi av Norges Bygdeungdomslag, McDonald's i Norge og Felleskjøpet Agri. Hensikta med kåringa er å finne fram til leiande unge bønder i Norge, og å inspirere fleire kloke hovud og driftige hender til å finne vegen til norsk landbruk. Det er den trettande gongen kåringa blir arrangert.



AKSJONSUKA 2022

- TRAFIKKSikkerhet



TEKST HANS CHRISTIAN ANDERSEN-KNUDSEN

Norge er eit langstrakt land kor folk bur spreidd i kvar krik og krok, der bilen og vegnettet har ein viktig rolle for å oppretthalde livet på bygda. Tross den viktige rolla er vegnettet i bygdane og i distriktet for dårleg, og farlege veger fører ofte til farlege situasjonar. I 2021 mista 80 personar livet i trafikken. I år nådde vi 100 døde allereie i oktober. Skal bygda vera ein attraktiv plass for ungdom å slå seg ned i framtida må ein ha fridom til å kunne bevege seg fritt, og ein må kunne senda ungane på skulen utan å ha hjarta i halsen.

For Norges Bygdeungdomslag er trafikksikkerheit viktig. Gjennom aksjonsveka har vi satt trafikksikkerheit på dagsorden over heile landet. Natt til 1. november var det aksjonsnatt, der alle lokallag i NBU blei oppfordra til å markere behovet for meir trafikksikkerheit i distriktet. Mange lokallag

har gjort ein enorm innsats, og resultatet er mange kule og synlege aksjonar over heile landet. Det blei ein vellykka markering med mange avisoppslag. Sentralt har vi vore på møte i Samferdselsdepartementet der vi overrekte våre løfter og krav for god trafikksikkerheit på bygda. Det blei også overrekt bilete frå aksjonar rundt om i landet, og dei var imponert over bygdeungdommens engasjement og kreativitet.

Vi vil trekke fram tre fine markeringar som lokallag har gjennomført i årets Aksjonsuke. Vardal og Snertingdal BU har laga en film som viser viktigeita av å bruke refleks. I filmen ser vi to vener som skal ut på tur, der den eine ikkje tar på seg refleks. Det får store konsekvensar når ein sjåfør kunn ser den eine. Dei viste det på ein kreativ og humoristisk måte kor viktig det er med refleks i mørket.

På Biri blei det arrangert bilrebus med fokus på trafikksikkerheit i Aksjonsuka. Eit eksempel på ein post var hintet: "mykje folk, og lite liv". Klarer du å gjette kor neste post var? Det var godt oppmøte med rundt 20 deltakarar.

Østre Toten BU satt fokus på trafikksikkerheit gjennom aksjonsnatta ved å henge opp fleire plakatar og markerte bakken med sprellemenn og viktig bodskap. Med slagordet «ingen ungdom å miste, trafikksikkerheit i distriktet» har Østre Toten forhåpentlegvis blitt litt tryggare å ferdast i.

Lokallaga har verkeleg satt farge på bygda denne veka, og dette var berre nokon få av dei eksempla vi har sett. Når ungdommen viser at vi bryr oss om trafikksikkerheit må politikarane stille opp. Det viste vi gjennom Aksjonsuka!

NBU FOR ALLE

TEKST ELLEN HOFF JØRGENSEN

I 2022 gjennomførte vi prosjektet "NBU for alle" for å gjere arrangementa og aktivitetane våre meir tilgjengeleg for unge med funksjonsnedsettingar og fremme openheit og inkludering i organisasjonen.

Målet med prosjektet var todelt. Det eine målet var å gjere arrangementa og aktivitetane våre tilgjengelege for alle gjennom å identifisere våre barrierer og styrke organisasjonens kunnskap, for å legge til rette for auka deltaking for unge med funksjonsnedsettingar. Det andre målet var å styrke openheit og inkludering

i organisasjonen. I NBU skal det vere rom for alle! For å forankre prosjektets mål i organisasjonen utvikla vi blant anna ein informasjon- og haldningskampanje i sosiale medium.

Prosjektgruppa tileigna seg nødvendig kunnskap ved å gjennomføre ein spørjeundersøking blant tillitsvalte og medlemmar for å kartlegge dåverande situasjon i organisasjonen. Svare blei brukt til å utvikle ressursar for alle som lagar arrangement i organisasjonen.

Prosjektet var støtta av LNU Aktivitetsstøtta.





LANDSSTEVNE 2022

MIDT I DET FLOTTE KULTURLANDSKAPET SOM KJENNETEIKNAR HEDMARKEN VAR BYGDEUNGDOM FRÅ HEILE LANDET SAMLA TIL EI VEKE MED TEVLINGAR, NYE VENNSKAP, TEMAFFESTAR, KONSERTAR OG MYKJE MORO.

TEKST OG FOTO ERYK OSKAR SWIERGON

Etter ei lang koronatid er Landsstevnet i Norges Bygdeungdomslag endeleg tilbake til sånn vi huskar det – mildt sagt overtenning!

Veke 29, midt i fellesferien er tidspunktet kvar bygdeungdom må sette av i sin kalender. Det er veka for Landsstevne i Norges Bygdeungdomslag, og denne festivalen har vore ein sentral hending endå lenger tilbake i tid enn frå organisasjonens grunnlegging. Kwart år er det eit anna fylke som arrangerer. I år fant stemnet stad ved Jønsberg vidaregåande skule, som er Norges eldste landbruksskule. Hovudkomiteen og Hedmark Bygdeungdomslag har lagt ned ein enorm innsats for å gje oss eit fantastisk stemne vi seint vil glømma.

Landsstevnet skil seg ut frå dei andre festivalane. På dagen er det konkurransar, som vi kallar tevlingar. Det blir kåra norgesmeistara i øvingar som eksteriørbedømming av hest og

mopedkjøring. Deltakarane kan dra på gard- og fabrikkbesøk og delta på andre aktivitetar på dagtid. På kvelden er det konsertar med kjente band som spele opp til dans. I år stod blant anna Rotlaus og Staysman på scena. Men det er nok samhaldet vi har som gjer denne festivalen så unik. Her kan alle vera seg sjølv og alle er velkomne. Denne festivalen blir for mange høgdepunktet kvar sommar.

- Årets stemne har bydd på blant anna 1800 stemnedeltakarar, over 3000 besøkande totalt, 1000 kubikk med flis, 4000 liter øl, 7000 toast, 40.000 dugnadstimar, 330.000 skritt, for ikkje å gløyma: gåsehud-opplevingar i fleng og uendeleg mykje moro, seier Gunn Jorunn Sørum, leiar for hovudkomiteen. Gunn Jorunn er veldig nøgd med årets stemne og ynskjer å takka alle som har bidratt for å få det her til.

NRK kunne tidlegare i sommar melde om at den frivillige deltakinga blant unge har

gått ned, der mange slit med oppmøte på dugnadar. Samtidig som denne saken kom ut var meir enn 40 bygdeungdommar på plass for å rigga til årets stemne, og langt over 100 frivillige har vore innom i laupet av veka for å bidra til at vi får ein god og trygg festival. Dette seier noko om dugnadsånden som bur i bygdeungdommen og alle dei andre som har stilt opp som vaktar, bartenderar og tevlingsdommarar.

Landsstevnet er nesten kun basert på dugnadstimar, men hadde ikkje vore mogleg å få til utan gode sponsorar og samarbeidspartnarar som ser verdien av å skape gode møteplassar for landets ungdom.

No går stafettpinnen vidare til Akershus Bygdeungdomslag, og du har vel satt av veke 29 i kalenderen? Bra, for neste år går ferien til Landsstevne i Norges Bygdeungdomslag!





HØSTARRANGEMENTET 2022

TEKST ELLEN HOFF JØRGENSEN

FOTO NBU MEDIA

DETTE ER HØSTARRANGEMENTET I NBU:

- Arrangerast i oktober kvart år for medlemmar i NBU
- 6 NM i Motorsag, Eksteriørbedømming av sau, Bløtkakepynting, Osteanretning, Maskinmelking og 5 om dagen
- 3 NBU-meisterskap i Handyman, Bygdequiz og Friluftsmatch

Lukta av sagflis, konsentrerte ansikt og 50 pyntande blautkaker tyder på at det er tid for Høstarrangementet i Norges Bygdeungdomslag. Denne gongen var det Buskerud Bygdeungdomslag som var vertskap og kunne ta imot 180 bygdeungdommar på Hvittingfoss skule 7. – 9. oktober. Tevlingar er det som står sterkast denne helga. Allereie fredag morgon var det klart for felling i motorsag, og dagen fortsette med maskinmelking og innleiande runde i bygdequiz. På laurdagen blei tevlingane gjennomført tett i tett, og mellom slaga naut deltakarane sola, åt toast og slo av ein prat med venner dei ikkje hadde sett sidan forgje NBU-arrangement.

Hovudkomitéleiar Anette Dølen er kjempenøgd med arrangementet og vil rette ein stor takk til hovudkomiteen. – Vi er veldig nøgde med arrangementet, så takk til alle som kom og alle frivillige som stilte opp!

Ein av dei mest publikumsvennelege

tevlingane er Handyman, der deltakarane må samarbeide om å lage noko innanfor forskjellig handverk. Årets oppgåve var å lage ein rastebenk, men som ein ekstra utfordring måtte to av deltakarane på laget ha bind for auga og den siste deltakaren skulle gje instruksar til dei andre. Magnus Rød, som hadde ideen og var dommar, kan fortelje at laga blei dømt etter tidsbruk, samarbeid og utsjånad på rastebenken. Han opplever at tevlinga blei godt mottatt av både deltakarane og publikum, og er imponert over innsatsen og engasjementet frå alle!

Etter ein lang tevlingsdag kunne deltakarane samle seg til premieutdeling på Hvittingfoss kulturhus og nyte helgas prestasjonar i festleg lag. The Boots Band spilte opp til dans ut i dei seine nattetimar. Vi gledar oss allereie til neste år, og det burde du også. Neste år blir Høstarrangementet arrangert av Vestfold og Telemark Bygdeungdomslag.

VÅRKURS 2023

I FLOTTE OMGJEVNADAR PÅ JEVNAKER BLEI ÅRETS STORE KURSELG FOR TILLITSVALTE PÅ REGIONALT NIVÅ GJENNOMFØRT. EG SER TILBAKE PÅ EI HELG DER 85 IVRIGE DELTAKARAR FEKK PÅFYLL OG OPPLÆRING I SINE RESPEKTIVE VERV OG ANDRE RELEVANTE TEMA GJENNOM KURS PÅ THORBJØRRUD HOTELL.

TEKST RAGNHILD MARIE GJERSØE ERIKSEN | FOTO NBU MEDIA

Fredag ettermiddag blei kurshelga sparka i gong med eit fellesforedrag om motivasjon og teambuilding av Andreas Amb. Her blei stemninga satt med humor og song, og det var ein inspirert gjeng som etterpå fordelte seg i grupperom for særdeleskurs. Her blei det gjedd innføring i ansvarsområde for dei ulike verva og innblikk i korleis kvart enkelt styremedlem kan bidra inn til sitt styre. Kvelden blei avslutta med tacomidag og bli kjend- aktivitetar.

Laurdagen var fullpakka med lærerikt kursinnhald frå morgon til kveld. Med totalt åtte særdeelar med tema som informasjon, tevling, kultur og økonomi seier det seg sjølv at det blei utveksla mykje informasjon denne dagen. For å bryte opp dagen litt, blei det avhalde ulike kortkurs mellom slaga. Her kunne deltakarane velje å høyre om prosjektet «Bygdeungdom på dypt vann», lære om tilrettelegging på våre arrangement, eller ta ein gåtur til Hadeland Glassverk for å få trekke litt frisk luft og oppleve nærmiljøet.

På laurdagskvelden var det duka for bankett, noko som nok var høgdepunktet for mange. Ein såg ein tydeleg glød over ansikta i rommet når alle hadde fått på seg finstasen. Banketten blei sjølv sagt gjennomført på skikkeleg vis, med våre beste tradisjonar. Vi song Hyllingsmarsjen, høyrde på flotte talar og kunne nyte god lokalmat i endå betre selskap.

Søndag morgon var det tilbake til kursromma der deltakarane fekk eit betydeleg læringsutbytte frå kurshaldarane gjennom helga. Likevel var læringa vi fekk av kvarandre minst like viktig, og summen av desse gjer dei tillitsvalte godt rusta til å sjølv halde kurs for sine lokallag. Er det noko vi er skikkeleg gode på i NBU, så er det nettopp organisasjonsopplæring.

Til tross for ei helg fullpakka med særdeelar, kortkurs og foredrag, handlar Vårkurs like mykje om å skape sosiale band mellom tillitsvalte på tvers av fylkesgrenser og dialektar. Vi er ein organisasjon av og for

ungdom, og det er viktig at vi tør å gå litt ut av komfortsona for å få høgast mogleg utbytte, både kunnskapsmessig og sosialt. Min oppleving er at vårkurs skapar møteplassar og aktivitetar som legg til rette for ein trygg arena, der du tør å gå litt ut av komfortsona og bli kjent med nye menneske. Akkurat det å få møte og bli kjent med bygdeungdom frå heile landet, er det eg sett mest pris på etter ei slik helg. Å gå gjennom fellesområdet på hotellet, med litt høg puls og ærefrykt, følte inspirerende. Å vere vitne til tillitsvalte frå ulike fylkeslag sitte saman og snakke om alt frå fotball til framtidsdraumar, økonomi og vegen vidare, viser at vi bygger eit godt lag, og at vi gjer det saman.

Vårkurs 2023 har no sunket inn. Vi har fått fleire minner og fylt opp kunnskapsbanken, og vi i sentralstyret ser fram til vidare arbeid med alle våre tillitsvalte. Til slutt vil eg bruka anledinga til å få takke alle som deltok og gjorde dette til ei kjempehelg. Vi gleder oss allereie til neste år!



• NORGES BYGDEUNGDOMSLAG •

BYGDA ER FOR ALLE



TEKST ANNINE AMUNDSEN

I 2022 kom fleire medlemmar med oppfordring til sentralstyret og årsmøtet om at Norges Bygdeungdomslag burde ta ein aktiv del i bygdepride. Hausten 2022 fekk vi støtte frå Sparebankstiftelsen DNB og LNU Aktivitetsstøtta til å gjennomføre prosjektet Bygda er for alle.

Eit av NBUs formål er å jobbe for at bygda skal vera eit reelt alternativ når unge veljar bustad. Statistikken viser at det er vanskelegare å vere skeiv på bygda enn i byar. For at unge skeive skal velje å busette seg på bygda, må dei oppleve det som eit trygt og akseptierende miljø. I tillegg er det viktig at skeive som veks opp på bygda har ein positiv oppvekst, og ikkje føler at dei må «flykta» frå bygda så fort dei har moglegheit til det.

Gjennom prosjektet Bygda er for alle ynskjer vi å gjere noko med nettopp dette. Prosjektets formål er å gjere Bygde-Norge meir opent og inkluderande. Vi ynskjer at bygda, og NBU, skal ha rom for alle, uavhengig av kjønn eller seksualitet.

Det har blitt oppretta ei ressursgruppe som skal hjelpe prosjektleiaren Annine Amundsen med å utforme prosjektet slik at det passar best mogleg for NBUs medlemmar. Denne gruppa er satt saman av medlemmar frå forskjellige delar av landet, som har ulik bakgrunn og ulik tilknytning til Pride. Ressursgruppa består i skrivande stund av Marthe Øijord, Roar Nedrebø, Susanne Røed Gromstad og Anne Snarteland.

Ressursgruppa ynskjer å få fram at ein ikkje treng å vera skeiv for å arrangere pride-markeringar. Målet med markeringane, og med prosjektet generelt, er å visa at alle er velkomne i NBU. Då er det viktig at dei som ikkje er skeive også tar ansvar og jobbar for å inkludere alle.

For å auke kunnskapen om kjønn- og seksualitetsmangfald i organisasjonen skal det gjennomførast kursing av sentralledda, fylkesstyra og lokallagsleiara. Kursopplegget blir utvikla i samarbeid med Skeiv Ungdom. Gjennom heile 2023 vil prosjektleiaren besøke

fylka for å kurse tillitsvalte.

Hovudmålet til prosjektet er å forankre pride som ein naturleg aktivitet for NBUs lokallag. For å oppnå dette er planen at fem lokallag skal arrangere ein pride-markering i løpet av 2023. Dette kan vera ein kva som helst aktivitet eller arrangement, så lenge det feirar kjærleik og mangfald, og viser at det er plass til skeive i NBU. I 2024 skal dei same fem arrangere noko igjen, saman med ti nye lokallag.

Støtta vi har fått skal blant anna gå til arrangementspakker til alle arrangørane. Desse vil bestå av for eksempel armband, plakatar, flagg og bannere. Ressursgruppa har kome med innspel til innhaldet. Tanken er at flagg og bannere kan lånast av kvarandre viss det trengs, og brukast til ulike pride-markeringar framover.



BØNDER STØTTER BØNDER

I FEBRUAR VAR BYGDEUNGDOMSLAGET SAMAN MED NORGES BONDELAG OG UTVIKLINGSFONDET PÅ STUDIETUR TIL MALAWI FOR Å SJÅ PÅ ARBEIDET I SOLIDARITETSPROSJEKTET VI SAMARBEIDER OM, BØNDER STØTTER BØNDER.

TEKST HENRIK NORDTUN GJERTSEN OG MARTHE ØIJORD | FOTO CECILIE RIKTER-YDSE - UTVIKLINGSFONDET

Gjennom ei veke på tur besøkte vi landsbyar og menneske som driv jordbruk i eit heilt anna klima enn det vi er vane med her heime. For Norges Bygdeungdomslag reiste styreleiar Henrik Nordtun Gjertsen og kulturleiar, og Malawiansvarleg i styret, Marthe Øijord.

Kontrastane til eit februar-kaldt Noreg var store i det vi gjekk ut av flyet og trådde ned på den steikande asfalten på flyplassen utanfor Lilongwe, Malawis hovudstad. Eit frodig grønt landskap slo imot oss, og forventningane om ein tur med mange følelsar, og sterke inntrykk var store i gruppa. Gjennom veka skulle vi få møte imponerende menneske som gjennom betydeleg eigeninnsats og moglegheitene som prosjektet skapar for småbønder har klart å løfte familien sin, og heile landsbyar ut av matusikkerheit.

STORE UTFORDRINGAR, MEN INNSATSEN GJER RESULTAT FOR SMÅBØNDER

Malawi ligg i det sørlege Afrika, og har 20 millionar innbyggjarar, spreidd på eit areal på størrelse med ein tredjedel av Noregs areal. Landet er utan kyst, men med viktige

fiskeriressursar i Lake Malawi, som landet også er oppkalla etter. Malawi har hatt ein eksplisiv befolkningsvekst, som legg press på helsevesen og utdanningssystemet, og myndigheitas moglegheiter til å yte teneste for befolkninga. Dei aller fleste bur i rurale områder og omlag 80% er avhengige av landbruk for å overleve. Folk flest i Malawi er småskala bønder som produserer mat til seg og sitt hushold, og eventuelt litt for sal i lokale marknader. Det betyr at landbrukssektoren spelar ein heilt avgjerande rolle for den sosiale og økonomiske utviklinga.

Det er tydeleg for oss at Malawi står i store strukturelle problem, og vil møte store utfordringar i åra som kjem. Samtidig blei vi møtt av ein venlegheit og openheit hos lokalbefolkninga som understrekar kallenamnet landet har fått, Malawi – Afrikas varme hjarte.

Historia vi ynskjer å ta med tilbake til dykk er først og fremst ein gladsak som understrekar kor viktig arbeidet vår organisasjon gjer, og kva verking solidaritetsarbeid som bygger på lokale ressursar har. Gjennom veka vår på tur i Malawi møtte vi utruleg flinke folk som

arbeidar med å gje småbønder i distrikta moglegheit til å utnytte gardens ressursar. Alt frå Utviklingsfondets lokale tilsette, til lokale partnarar som arbeidar med iver for å nå ut til befolkninga, og lokale bønder som har arbeida systematisk gjennom prosjektet for å utvikle garden sin for å gje familien og landsbyen ein større matsikkerheit.

Historia om Bønder støtter bønder og Utviklingsfondets arbeid i Malawi er først og fremst ein gladsak om korleis det er mogleg for folk å skape positiv utvikling i eget liv med enkle midlar og tilgang på kunnskap, sjølv når utgangspunktet ikkje er optimalt.

Noko av det vi ynskjer å trekke fram er modellbondesystemet, og særleg modellbonde, Patricia Mkwandawire som sjølv var på besøk i Noreg, i fjor. Modellbondesystemet bygger på prinsippet om vidareformidling av kunnskap frå modellbønder til følgjebønder.

Patricia hadde samla heile landsbyen i anledning vårt besøk, og vi fekk moglegheit til å sjå fleire ulike gardar i området. Alle

ein del av programmet til Utviklingsfondet. Lidenskapen dei hadde for drifta, og takknemlegheita til Patricia, som hadde lært dei opp, var stor.

Ein av dei, Henry Gondwe, viste oss korleis han gjennom modellbonde, Patricia og utviklingsfondets program hadde lært korleis husdyrgjødsel og plantevekstar kunne lage kompost og utnytte ressursane på garden til det fulle.

Noko dei har stort fokus på i modellbondeprogrammet er tilpassing til endra klima. I Malawi har ein i fleire år kjent på klimaendringar gjennom tørke, og heftigare regnperiodar enn det som var vanlig. Vi besøkte Malawi i det som til då hadde vore ein veldig god regnesesong. Ein hadde fått nødvendig med nedbør, men ikkje for mykje. Beskjeden var derfor nedslåande då Malawi og det sørlege Afrika blei rammet av syklonen Freddy første halvdel av mars, berre nokon veker etter vi kom heim. Regnet og uveret førte til store øydeleggingar, og i skrivande stund har syklonen tatt over 400 liv.

For oss, som ungdomsorganisasjon var det særleg inspirerande å møte partnere til Utviklingsfondet som driv med ungdomsarbeid. Point of Progress jobbar med formål å løfte ungdom, og gjere dei i stand til å ta ein rolle i sitt eget liv. Gjennom ulike program, prosjekt og klubbar når dei 47 000 ungdommar som får moglegheit til å utvikle seg sjølv. Vi fekk moglegheit til å møte ein av deira «Young women can do it»-klubbar på turen. Der lærte vi korleis dei arbeidar med å fremme ungdommens sak gjennom lokalt samarbeid. Ungdommar, som i stor grad er bønder, gjekk saman om å betre drifta på garden sin gjennom kunnskapsdeling og hyppige møter.

Etter turen vår sitt vi igjen med ein følelse av å ha fått mange nye venner. Samtidig kjenner vi på eit stort ansvar for å fortsette det viktige arbeidet. Ungdom i Norge har på mange måtar vunne lotto i livet, og sitt med eit ansvar for å hjelpe dei som ikkje står i ein så heldig posisjon. Gjennom samarbeidet vårt i Malawi har vi moglegheit til å hjelpe andre bygdeungdommar som er utruleg takknemlege for hjelpen vi yter. Særleg i den situasjonen landet står i no etter syklonen ser vi eit sterkt behov for å hjelpe med det vi kan. Vi avsluttar derfor med ein henstilling til bygdeungdomslag landet rundt. Bruk eit arrangement det kommande året på å støtte arbeidet Utviklingsfondet gjer i Malawi. Vi stiller gjerne opp med meir informasjon om arbeidet. God innsamling!





NBU MEDIA

TEKST ERYK OSKAR SWIERGON
FOTO NBU MEDIA

Vi har fått på plass ein gjeng med flinke og engasjerte medlemmar som er glad i å fange dei magiske augeblikka. Desse medlemmane skal bidra til å ta bilete og film på våre arrangement, og vil framover vera ein enorm ressurs for bygdeungdomslaget.

OPPSTARTPROSJEKT

Vi kan sei at dette er nok eit vellykka prosjekt i regi av Norges Bygdeungdomslag, der resultatet er noko som vil gagne oss framover.

Med økonomisk støtte frå LNU har vi klart å invitere åtte foto og filminteresserte medlemmar til ei kurshelg i september. Her fekk dei delta på kurs med profesjonelle instruktørar, og lært masse om kamerateknikk og historieforteljing. Dei lærte også kor viktig det er med godt samarbeid når produktet skal leverast med kort tidsfrist.

Halvard Bøe frå Rogaland er valt til leiar for denne gjengen, han syntest at prosjektet er eit kjempegodt tiltak for medlemmar som driv med foto og film på sida.

– Det var veldig kjekt og sosialt på kurshelga, med godt læringsutbytte. Alle lærte noko nytt, uavhengig av kor mykje ein kunne frå før av, seier Halvard.

HØSTARRANGEMENTET

Etter kurshelga i Oslo var det klart for ein generalprøve. Deltakarane fekk teste det dei har lært på NBUs Høstarrangement. Deira oppgåve var å ta ansvar for all

medieproduksjon den helga. Dei tok stillbilete, filma og klipte saman ein dagsfilm. Under laurdagens premieutdeling kunne dei vise fram filmen med mange høgdepunkt frå alle tevlingar. Dei klarte å jobbe under ein veldig hektisk tidsfrist og levere ein flott film. Dei har også ferdigstilt mange fine bilete som du kan finne på NBUs Flickr konto.

– Det vi fekk til er veldig bra, og det er eg stolt av. Det er jo første gang vi gjer dette, og nokon småting kunne sikkert vore gjort annleis, men vi var eit godt lag og løyste oppgåva veldig bra saman, seier Halvard.

Vidare blir det jobba med å avslutte etablerings-prosjektet og få tilbodet til å vera ein del av organisasjonens ordinære drift. Så får vi sjå kva nye og spennande oppgåver som skal løysast av NBU Media.

– Vi er ein veldig god gjeng, og har plass til fleire etter kvart. Har du lyst til å vera med, så håpar eg du tar kontakt, avsluttar Halvard.

VÅRSPRELL

Under vårsprell kvart år skal våre fylkes- og lokallag arrangere mykje aktivitet, med eit formål om å re-verve gamle medlemmar og få nye medlemmar inn i organisasjonen.

Årets vårsprell var arrangert frå 24. mars til 2. april. Kvart fylkeslag fekk ta over Instagram-profilen til NBU, og visa fram aktivitet i laget. Det var spennende å sjå alle innlegg som dukka opp i sosiale medium i den perioden.





NORDIC YOUNG FARMERS ASSOCIATION (NYFA)

NYFA er eit nettverk beståande av dei Nordiske Bondeungdomsorganisasjonane. I tillegg til NBU består nettverket av Bondeungdomslaga i Finland, Danmark, Island og Sverige. Styreleiar Henrik Nordtun Gjertsen har møtt på vegne av NBU.

Nettverket har deltatt på møte med dei Nordiske bondelaga i Finnland, august 2022. Der arrangerte nettverket eit timers opplegg for dei nordiske bondeorganisasjonane med fokus på framtidens matproduksjon

RURAL YOUTH EUROPE (RYE)

Rural Youth Europe (RYE) er ein europeisk paraplyorganisasjon som Norges Bygdeungdomslag er medlem av. I august 2022 representerte Sigrud Heringstad NBU på RYE sitt årsmøte i Nienburg, Tyskland.

RYE har tre årlege arrangement som samlar bygdeungdom frå heile Europa til workshops, sosialt opplegg og aktivitetar. Som medlem av NBU kan ein delta på desse arrangementa. I 2022 arrangerte RYE ein «Study Session» i Budapest i april, der tema var mat og menneskerettigheter. I august blei det arrangert «Rally» i tilknytning til årsmøtet i Nienburg med fokus på klimaendringar og berekraft. I november var det haustseminar i Termonfeckin, Irland, der tema var inkludering og kunnskap om LGBTI+. Informasjon om RYE og deira arrangement finn ein på både nbu.no og RYE si heimeside ruralyoutheuropa.com.



UTVAL FOR ALDERSGRENSE PÅ ARRANGEMENTER I NBU

Årsmøte i Norges Bygdeungdomslag gav i 2022 styret i oppgåve å setje ned eit utval som skulle arbeide med problemstillingar knytt til aldersgrense på arrangement i organisasjonen. Utvalet vart satt ned hausten 2022 og arbeidde fram ein rapport som vart presentert styret og organisasjonen på våren i 2023.

Den omfattande rapporten vart utforma på bakgrunn av fleire høyringar der organisasjonen gav sine synspunkt, og gav styret fleire anbefalingar på korleis organisasjonen kunne handtere problemstillingar knytt til aldersgrense på

arrangement i NBU. Anbefalingane gjekk både på korleis ein skulle innrette sentrale arrangement, korleis organisasjonen skulle handtere aldersgrenseproblematikken på lokalt nivå, og korleis regelverksendringar vil påverke tevlingskulturen.

Utvalet var samansett av bygdeungdommar med ulik erfaring i organisasjonen. Alle ledd av organisasjonen var del av utvalet. Hovudkomitear og vaktleiarkollegiet, samt direktevalrekka var og representert i utvalet. Arbeidet vart leia av styreleiar Henrik Nordtun Gjertsen.

UTVALET BESTOD AV:

HENRIK NORDTUN GJERTSEN
styreleiar NBU

SIRI MARLEN SUNDHAGEN
3. vara til sentralstyret / fylkesleiar
INGER JOHANNE BRANDSRUD
HK-leiar LS2024


GUNN JORUNN SØRUM
HK-leiar LS2022

VILDE BILSTAD
varaordførar NBU

JON OLAV SVARTDAL
3. vaktleiar

OLE GUNNAR RAMSTAD
fylkesleiar

TORJUS FLATIN
lokallagsleiar / fylkesstyremedlem



Fylkesstyrrer

2023 - 2024



AKERSHUS BYGDEUNGDOMSLAG

ANNIKEN DØLERUD LAAKE

// Leiar

SOLVEIG ORDING REIERSTAD

// Organisatorisk nestleiar

FREDRIK FJÆRVOLL OLSEN

// Bygdepolitisk nestleiar

MARGRETHE LINDRUP

// Økonomileiar

ELIE PAULSHUS GARNES

// Informasjonsleiar

LIVE GRØNDAHL

// Tevlingsleiar

NATALIE LAUTEN LARSEN

// Aktivitet- og kulturleiar

EIVIND BERG

// Nybrottsleiar

1. Vara - HÅKON RINGNES

2. Vara - TORBJØRN FLADBY-KARTERUD

3. Vara - EDVARD FINSTAD

4. Vara - KRISTOFFER BJØRNEBY

BUSKERUD BYGDEUNGDOMSLAG

JAN ERLAND ASBJØRNHUS

// Leiar

MARTHE PEDERSEN

// Organisatorisk nestleiar

ELLEN MARIE RUSTAND ROGNERUD

// Bygdepolitisk nestleiar

LASSE GEBUHR-HOV

// Økonomileiar

MAGNUS BRAATHEN

// Lagutviklingsleiar

INGRID MARGRETHE INDRESÆTER

// Informasjonsleiar

JOHN ANDERS TANGEDAL FINSVEEN

// Tevlingsleiar

ISAK BREKKENES

// Kulturleiar

1. Vara - STIAN BREKKENES

2. Vara - PETTER BØE HØRTVEDT

3. Vara - TORJUS FLATIN

HEDMARK BYGDEUNGDOMSLAG

ANETTE BERG KLØVSTAD

// Leiar

MARI LUNNA

// Organisatorisk nestleiar

INGRID NANNESTAD

// Bygdepolitisk nestleiar

MARIA IVERSEN STORDAHL

// Økonomileiar

EVEN HEMMA

// Informasjonsleiar

AMALIE LØCHTING-ENGEN

// Tevlingsleiar

ANDERS KIRKEBY

// Kulturleiar

MIA WERONICA BJØRGAN TORP

// Lagutviklingsleiar

IDA STORLIEN

// Styremedlem

EVEN KORDAL

// Styremedlem

JAKOB VOLD

// Styremedlem

1. Vara - INGRID KNUTSEN

2. Vara - EMIL HABBERSTAD

3. Vara - SIGRID MELBYE SØRUM

HORDALAND BYGDEUNGDOMSLAG

SIRI BRATTLI BERGE

// Leiar

GURO JORDALEN HEREID

// Styremedlem

ODA MARLEN LITTLERE

// Styremedlem

ANNE SIRI HIMLE

// Styremedlem

ESPEN BRATTLI

// Styremedlem

MØRE OG ROMSDAL BYGDEUNGDOMSLAG

NIKOLA BILESKA

// Leiar

DIANA CORRAL

// Organisatorisk nestleiar

ODDVAR GUNNERØD

// Bygdepolitisk nestleiar

TORUNN OTTESTAD-DAHLEN

// Økonomileiar

MARIA STOKKELAND

// Tevlingsleiar

LEIF JUNIOR HEGSTAD

// Styremedlem

EIRIK GAUPSETH

// Styremedlem

ISABELLE NERLAND

// Styremedlem

1. Vara - EVEN NILSEN

2. Vara - KRISTIN NORDBØ ENGVIK

NORD-TRØNDELAG BYGDEUNGDOMSLAG

INGRID BARSTAD SALTVIK

// Leiar

JULIE ENGAN

// Organisatorisk nestleiar

JOHN OSKAR SÆTHER

// Bygdepolitisk nestleiar

HEDDA FINSTAD

// Økonomileiar

TUVA JØNNUM

// Informasjonsleiar

PETTER REDVING STRUGSTAD

// Tevlingsleiar

TOM IVAR FOSSUM WINJE

// Aktivitetsleiar

SINDRE LETNES

// Lagutviklingsleiar

1. Vara - KONRAD ULSTADVOLD

2. Vara - JON MORTEN WIST YSTGÅRD

3. Vara - SUNNIVA THEODORA LIAN SISSELVOLD



OPPLAND BYGDEUNGDOMSLAG

OLE GUNNAR RAMSTAD

// Leiar

INA BJERKE

// Organisatorisk nestleiar

MAGNUS GRAVSETH MORKEN

// Bygdepolitisk nestleiar

FREDRIK RØKKE

// Økonomileiar

MARIA GULLORD

// Informasjonsleiar

KJERSTI HERINGSTAD

// Tevlingsleiar

MINA KLOKKERSVEEN THOMLE

// Kulturleiar

LARS HOLE

// Lagsutviklingsleiar

1. Vara - SVEIN ERIK SOLBERG

2. Vara - SIMEN SZACINSKI

3. Vara - IDA JOHANSEN

ROGALAND BYGDEUNGDOMSLAG

BIRGER KVIA HOBBERSTAD

// Leiar

IRENE AUSTDAL

// Organisatorisk nestleiar

HALVARD BØE

// Bygdepolitisk nestleiar

SIGVE HAUGE

// Økonomileiar

SANDRA HODNE

// Informasjonsleiar

SILJE MYDLAND

// Tevlingsleiar

ROAR NEDREBØ

// Aktivitetsleiar

PER TORE OBRESTAD

//Lagsutviklingsleiar

TRON NEDREBØ

// Styremedlem

1. Vara - Thea Øvstebø

2. Vara - Mathias Undheim

3. Vara - Olav Goa

SØR-TRØNDELAG BYGDEUNGDOMSLAG

SONDRE GREFSTAD

// Leiar

GRETE BEATE SUNNSET

// Organisatorisk nestleiar

MALIN SOLBERG

// Bygdepolitisk nestleiar

LASSE HILSTAD SØRMO

// Økonomileiar

RUNAR HOVIN

// Informasjonsleiar

SONJA ALSETH

// Tevlingsleiar

GURO ALSETH

// Kulturleiar

EMMA LILLEBUDAL

// Lagutviklingsleiar

1. Vara - LINNE ELISE HAUGEN

2. Vara - INGRID KROGSTAD

3. Vara - ELIAS ELVRUM HOSTON

VESTFOLD OG TELEMARK BYGDEUNGDOMSLAG

MAGNUS RØD

// Leiar

JENNY ASKE

// Organisatorisk nestleiar

DANIEL LARSEN

// Bygdepolitisk nestleiar

MINA SCHJERVEN

// Økonomileiar

OLINE KNUTSEN

// Informasjonsleiar

SUSANNE RØED GROMSTAD

// Redaktør

OLE GUNNAR RØD

// Tevlingsleiar

HELENE BOSSUM

// Kulturleiar

JOHANNE ELIDA KALAGER

// Lagutviklingsleiar

ERLEND ENERHAUGEN

// Materiallforvalter

1. Vara - JAN KRISTIAN RØD

2. Vara - RICHARD KARLSEN

3. Vara - KRISTIAN LUNDE

ØSTFOLD BYGDEUNGDOMSLAG

LIV NORA FRORUD

// Leiar

MARTHE LYSAKER

// Organisatorisk nestleiar

SYVER MINGE

// Bygdepolitisk nestleiar

TUVA BERGERSEN

// Økonomileiar

MARTHILDE GRANLI

